



Sunniva, Malin og Frida (frå høgre) får servert graut av leiar Britt Torill Mathiesen)

Hobbyklubben i Bedehuset avslutta i kveld ein svært god sesong der frammøtet har vore mellom 20 og 30 frå starten tidleg i haust og til no. Engasjementet frå dei unge har ikkje minst vore stort i gruppene som har hatt elektronikk og kjøkenteneste, oppsummerar Jon Harald Kjærland ved årsskiftet. Hobbyklubben er for 5. klasse og oppover utan nokon øvre grense.



- og leiarane Tor Gundersen, Oddbjørg Heimark og Inger Elise Helgeland blir forsynt av same servitør

Grautfesten i kveld som markerte sesongslutt var litt spesiell fordi ein stor del av den vart avvikla i tilnærma mørke. Det var stemningsfullt og regien var truleg inspirert av krumkakebakinga i mørke i eit TV-program før helga. Leiar av Hobbyklubben Tore Mathiesen køyrde eit tevlingsopplegg som slo godt an og som gjekk ut på å gjetta på songar med manglande ord og på kva det var som vart vist bit for bit. Konfirmantane Bente og Tove Helen imponerte med sangsvare sine.

Inger Elise Helgeland var andaktshaldar denne kvelden. Avisgruppa har for kort tid sidan fullført julenummeret av Uskedalsposten. Det er også gruppe for fjernstyrte bilar. Hobbyklubben har også denne hausten engasjert seg sterkt for bruk av refleks og medlemmene har vore flinke til å bruke vestane sine.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Ingen var i tvil om kven dette var i tevlinga Bit for bit